



Leiknes

Lindås kommune
v/ kommunalsjef oppvekst
Kvernhusbyrane 20
5914 Isdalstø

Storneset 13.01.2015

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
15. 01. 2015	
Ark. sakenr.	
15/131	
Saksnr.	Tilleggsaktsnr.

Rapport vedr. stenging av Leiknes FUS barnehage as.

I samband med straumbrot i området Leiknes FUS barnehage as ligg i vart barnehagen måndag 12. januar 2015 kl. stengt ca. kl. 10.10 etter å ha halde opent frå kl. 07.00.

Bakgrunn:

Barnehagen hadde vore utan straum sidan laurdag kl. 15.23. Altså over 1 ½ døgn. Utover søndagen gjorde dagleg leiar fortløpande vurderingar knytt til generell sikring av barn, brannsikring, hygieneutfordringar og øvrige moglege risikosituasjonar. Herunder temperatur og lys.

Brannsikring:

Her vart det vurdert at dersom brannvarslingsanlegget er ute av drift skal dette opplysast om til alle tilsette. I tillegg skulle det gåast brannvakt kvar ½ time. Ved at straum er vekke reduserer det risiko for brann i el-anlegg. Det vart også gjeve instruks til alle tilsette om absolutt forbod med open eld. På dette viset er risiko redusert til akseptabel.

Hygiene:

Me hadde vatn (ikkje varmt), såpe, handsprit, bleieserviettar. Dette er akseptabelt m.a. ved bruk t.d. utebarnehage / på tur. Huset var reint/nyvaska. Bleiebytte vert gjort med serviettar – ikkje varmt vatn. Mat vart ivareteke på forsvarleg vis. Drikke var tilgjengeleg i frå springen (vatn). Brød og hermetisk pålegg hadde me nok av. Toalett og bleiestell var såleis inntakt – det same med vask før/etter måltid.

Øvrig sikring:

Me hadde 18 tilsette på jobb + dagleg leiar. På det meste hadde me 19 barn. Det var god sikring. Me nytta avgrensa delar av bygget for å sikre ytterlegare.

Lys og varme:

Me hadde mange lykter (batteriedrevne) som langt på veg lyste godt opp. Det vil vere annleis enn normalbelysning, men dei aller fleste barna hadde det slik i heimen dei



Leiknes

kom frå. Dessutan utfordrar dette meir på kreativitet og annleisdag enn reelle synsutfordringar. Tida var i grove trekk avgrensa frå kl. 7.00 og ca. kl. 10.00 då dagslys kom. Me hadde innetemperatur på avdelinga på 14.5 grader kl. 7.00. Kl. 10.00 vart denne 16,5 grader. Kl. 11.30 var temperaturen 17 grader. Straumen var tilbake kl. 10.00.

Arbeidstilsynet viser til anbefalingar på maks 26 og min. 19 grader. Dette er ikkje eit lovkrav. Likevel forstår me kvifor dette er anbefalt, det er fornuftig. Det som også er fornuftig er at dersom ein kjem under 19 grader så set ein i verk kompensierende tiltak.

Tiltaka me nytta var å kle barna tilstrekkeleg. Det innebar tjukke bukser, genserar og ull/sko på beina. Her var dei tilsette tett på og fulgte utviklinga til kvart enkelt barn. Barna vart fortløpande kontrollert – alle holdt seg varme og gode heile tida. Me meiner at dette er vesentleg informasjon i forhold til å forstå kvifor barnehagen vart vurdert til å halde open. Ein kan ikkje sjå på temperatur isolert utan å sjå kompensierende tiltak.

Øvrige forhold:

Skulen har skuleplikt – barnehagen har ikkje det same. Det tyder at foreldre treng beskjed/instruks på eit anna grunnlag vedr. elevar i skulen enn når det gjeld barnehagebarn.

Me visste langt på veg at mange heimar hadde hatt det strevsamt sidan straumen forsvann. Dei som valgte å levere i barnehagen denne morgonen hadde eit behov for dette. Me orienterte om situasjonen då dei kom. Slik fann me i fellesskap ut om barnet skulle leverast – foreldre hadde siste ordet. På dette viset samarbeidde me tett med foreldre – dei kunne ta avgjersla basert på at barnehagen leverer tenester som er forsvarlege. Dette er foreldremedverknad.

Mange av våre tilsette er godt erfarne. Dei som hadde særleg ansvar denne dagen viste til at barna hadde det godt. Ingen vart kalde – dei var gode og varme. Dei viste normal åtferd i forhold til leik, måltid og velvere. Små barn vil fort gje uttrykk for t.d. ubehag ved kulde eller liknande. Me var i stand til å gje fortløpande meldingar til foreldre dersom utviklinga gjekk i feil retning. Det inneber at dagleg leiar fortløpande vurderte om det var grunnlag for om barnehagen skulle stenge.

Foreldre som nyttar barnehage skal kunne stole på at me er der også i vanskelege tider. Mange foreldre har viktige oppgåver i samfunnet som dei må løyse i sin jobb. Det skal difor vere siste utveg å stenge ein barnehage dersom ein ikkje kan imøtekomme utfordringar på anna vis.

Eg meiner me imøtekom utfordringane på godt vis.



Leiknes

Grethe E. Mjelde (Miljeretta helsevern, Lindås kommune) tok kontakt med dagleg leiar pr. telefon ca. kl. 10.10. Det var kome inn bekymringsmelding til kommunen vedr. innetemperatur i Leiknes FUS barnehage. Det vart ikkje opplyst kven som hadde meldt. Mjelde ba om opplysningar vedr. innetemperatur, antal barn og aldersgruppe. Dagleg leiar orienterte om dette (16 grader, 19 barn, 9 store og 10 små). Mjelde ba då om at barnehagen vart stengt. Dersom ikkje, ville dette bli fulgt opp med ein stengingsvedtak. Dagleg leiar etterfulgte oppmodinga frå Mjelde og satte i gang stenging. Kl. 11.30 vart siste barn henta.

Vedr. innetemperatur i barnehage.

Arbeidstilsynet viser til maks/min. temp på 26 – 19 grader. Det er vanskeleg å lese dette som at barnehagar skal stengast dersom ein kjem *under* 19 grader. Særleg gjeld dette når ein nyttar gode tiltak som også virkar. Arbeidstilsynet sine grenser er ikkje lovbaserte grenser nettopp fordi dei kan påverkast ved å nytte ulike tiltak. Det er vanskeleg å forstå at dagleg leiar og dei fagfolka som arbeider i barnehagen vår ikkje har tillit til å vurdere denne saka – og heller ikkje tillit i form av at Lindås kommune ber om vår vurdering for å drøfte. Ein kunne valgt å avvente, følgje opp e.a.

Ein vil i barnehage-Noreg oppleve ulike grunnar til at idealtemperatur ikkje vert oppnådd i kortare periodar. Det kan vere straumbrot, øydelagt utstyr, ekstremkulde, dårleg isolerte bhg og liknande. Ein bør i slike tilfelle ta kontakt med leiinga i barnehagen for å finne løysingar. Hjø oss var m.a. temperaturen stigande – straumen var tilbake. Det er naturleg når menneske nyttar eit rom.

Me hadde klede og aktivitetar som ivaretok dette fullt ut. Hadde me valgt å ha utedag ville dagen også inneholdt kaldare miljø rundt barna. Det må ein kunne akseptere ved forbigåande problem som dette straumbrotet teikna til å bli. Hadde straumbrotet fortsatt ville me framleis vurdert fortløpande – og ikkje minst basert på dei erfaringar me gjorde oss i dag.

Dagleg leiar nytta heile søndagen til å vurdere sider ved stenging. Me såg ikkje klart av vurderingane til kriseleiinga i Lindås kommune at barnehagar burde stenge. Berre skulane, men utan å grunngje kvifor. Det forstod eg som at LK vurderte slik at verksemda (Leiknes FUS bhg) sjølv er ansvarleg for å beslutte.

Dagleg leiar har konferert med styreleiar i barnehagen Eli Sævareid vedr. beslutninga om å halde open. Styreleiar er samd i avgjersla om å halde opent. Me forholdt oss til Lindås kommune som mynde på området, men er usamd i framgangsmåte, manglande grunngjeving og avgjersle om å stenge.

Ynskjer å be om Lindås kommune (LK) sine kommentarar til følgjande:



Leiknes

1. Ynskjer at Lindås kommune skal gjere greie for grunnlaget/prosessen som førte fram til stengingsinstruks (i praksis var det stengingsvedtak fordi dagleg leiar fekk beskjed om at det ville bli gitt stengingsvedtak dersom stengingsoppmodinga ikkje vart imøtekomen).
2. Kan LK opplyse om korleis, og frå kven bekymringsmelding kom frå og til?
3. Dagleg leiar vart ikkje konferert med vedr. bekymringsmeldinga. Avgjersla vedr. stenging vart i praksis tatt av Lindås kommune basert på denne meldinga. Burde ikkje dagleg leiar få høve til å svare for dei argument som låg til grunn for beslutning om å halde opent? Foreldre har eit avgrensa bilete av situasjonen, har mindre kunnskap om barnehagedrift og kan tillate seg å reagere på mange vis. Som profesjonelle har me ei breiare tilnærming. Praksis i Lindås kommune (Miljøretta helsevern) har vore bruk av dialog – dette har me satt stor pris på. Denne gangen var ikkje det gjeldande. Kan LK kommentere det? Dette var etter vår vurdering eit tynt beslutningsgrunnlag frå Lindås kommune.
4. Me er kjent med at innetemperatur i barnehage kan vurderast ut frå fleire perspektiv. Nokre barnehagar har utedagar frå morgonen av. Det inneber lavare temperatur for alle barn enn innetemperaturen me hadde. Ein nyttar då klede og rørsle som tiltak for å oppretthalde varme. Friluftsbarnehagar har m.a. barn ute store delar av dagen – ville ein stengd vår barnehage dersom me var ute....?

Punkter å ta med:

- Arbeidstilsynet viser til påkledning som tiltak ved temperatur under 19 grader. Dette gjeld vaksne på arbeidsplassar. Barna i barnehagen var varme og gode heile dagen på tross av straumbrotet.
- Dersom innetemperatur er 19 grader betyr det at barn og vaksne skal kunne oppholde seg der utan å måtte kle seg / gjere ekstra tiltak. Om temperaturen synkt 2 grader til 17 betyr det at ein må kompensere for bortfall av varme. Då tek ein på seg meir tøy – på same vis som ute. Dette kan ein gjere så lenge det ikkje går ut over liv og helse. Barna holdt som nemnt varmen, dei hadde det godt (spennande dag i barnehagen). Det var ikkje nemneverdig risiko forbunde med å vere barn i barnehagen denne dagen.
- **Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler** seier i formålsparagrafen følgjande:
Forskriftens formål er å bidra til at miljøet i barnehager, skoler og andre virksomheter som nevnt i § 2 fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt forebygger sykdom og skade.



Leiknes

Barnehagen arbeidde ikkje i strid med føremålet i forskrifta. Me viste korleis ein tilpassar seg og har det godt saman når t.d. temperatur og lysforhold endrar seg. Det er i tråd med korleis den oppveksande generasjonen skal kunne få møte verda.

Me opplever at Lindås kommune ikkje hadde grunnlag for å stenge barnehagen denne dagen.

Leiknes FUS barnehage as ynskjer dykkar vurdering vedr. dette. Kva skal vere retningsgjevande ved neste høve? Me ynskjer utfyllande svar vedr. denne hendinga i tillegg til prinsipielle avgjersler vedr. temperatur og t.d. kompenserte tiltak.

Helsing

Ove Sæbø

Dagleg leiar

Leiknes FUS barnehage as

Kopi til:

Styreleiar i Leiknes FUS barnehage as, Eli Sævareid

Lindås kommune, Miljøretta helsevern v/ Grethe E Mjelde.